



# Skjedeframfall hjå søyer: Ei plagsam og kostbar liding

Forfatter

Gyro Knutsdotter Homme, Veterinær ved Seljord veterinærkontor

Sammendrag

Skjedeframfall er ei liding ein kjem borti med jamne mellomrom når ein driv med sau. Sjukdomen er viktig i dyre - velferdsmessig samanheng, sidan skjedeframfall fører til smerte og ubehag hjå søya. Tilstanden er òg viktig av økonomiske omsyn, då han gjev auka lammedaude og auka utrangering.

Publisert

2011

Referanse

Sau og Geit nr. 1/2011

Utskriftsdato

17.06.2024 [www.fag.nsg.no](http://www.fag.nsg.no)

Skjedeframfall hjå søyer:

# Ei plagsam og kostbar lidning

*Skjedeframfall er ei lidning ein kjem borti med jamne mellomrom når ein driv med sau.*

*Sjukdomen er viktig i dyrevelferdsmessig samanheng, sidan skjedeframfall fører til smerte og ubehag hjå søya. Tilstanden er òg viktig av økonomiske omsyn, då han gjev auka lammedaude og auka utrangering.*

Ved skjedeframfall vil delar av skjedevæggen krenge inn og bakover, slik at slimhinna i skjeden vert synleg. Ofte er urinblæra involvert i framfallet, og

stundom kan ein også få eit endertarmsframfall som resultat av sterk pressing på grunn av skaden i skjeden.

## **Prolapssele kan hjelpe**

Framfallet utviklar seg ofte over nokre dagar, slik at ein fyrst berre kan sjå den rosa slimhinna når søya ligg medan denne seinare er meir og meir synleg også når søya står.

Behandlinga går ut på å få framfallet inn att, anten ved at bonden sjølv set på ein såkalla framfalls- eller prolapssele i eit tidleg stadium, eller ved at veterinær får inn framfallet. Det er viktig å syte for god hygiene for å unngå betennelse.

## **Registreringar i helsekort gjev nyttig kunnskap**

I 2009 gjorde underteikna ei undersøking der målet var å finne risikofaktorar for utvikling av skjedeframfall, og konsekvensar for den einskilde søya etter å ha fått lidninga. Dette vart gjort ved hjelp av registreringar frå Sauekontrollen, og ei feltundersøking av søyer med denne lidninga i Noreg. I feltundersøkinga såg ein på ulike hormon og kjemiske stoff i blodet, som kan seie noko om risikoen for utvikling av skjedeframfall.

## **Mest blant eittåringane**

Undersøkinga synte at eittåringane var overrepresenterte blant dei som fekk skjedeframfall. Dei utgjorde i gjennomsnitt 39% av alle dyra som utvikla skjedeframfall i løpet av studieperioden. Undersøkinga synte samstundes at ein stor prosentdel av søyene med framfall vart utrangerte same året. Det tykkjest vere ein tendens blant søyer som har hatt skjedeframfall til å få lidninga også seinare år. At så mange eittåringar i høve til eldre søyer fekk framfall kan kome av at søyene med framfall vert utrangerte allereie som eittåringar.


## **Mange foster aukar faren for skjedeframfall**

Blant dei ulike norske sauerasane var rygja overrepresentert blant søyene med framfall. Spælsauen derimot, kom heldig ut ved å ha tydeleg færre tilfelle av skjedeframfall.

Fostertalet spelar også ei rolle: Søyer som var drektige med meir enn to foster hadde ein større risiko for å utvikle skjedeframfall. Årsaka til dette er truleg at di fleire foster søya ber på, di mindre vert plassen i buken. Når bukveggen har strekt seg det han kan og trykket i buken held fram å auke fordi foster veks, vil det etter kvart gje etter



Fullstendig skjedeframfall der ein ser opninga til livmorhalsen.



Søye med prolapssele.

der motstanden er minst, altså bakover mot skjeden - som så vert pressa ut.

### Større tap av lam

Når ein studerte konsekvensane av lidinga, synt det seg at over dobbelt så mange av søyene med skjedeframfall miste eitt eller fleire lam i tida frå og med fødsel til merkjing, som dei søyene ein samanlikna med. Når det gjeld dei daudfødde lamma, kan dette skuldast at fødselen tek lengre tid fordi livmorhalsen ikkje opnar seg som normalt etter eit skjedeframfall. Kva som er årsaka til det høge lammetapet mellom fødsel og merkjing, har ein ingen prov for.

### Vert som regel utrangert

Søyene som hadde hatt skjedeframfall var sterkt overrepresenterte blant dyr som vart utrangerte. Så mange som 70% av søyene med framfall vart slakta same året som dei fekk sjukdomen.

Med utgangspunkt i desse tala kan det synest som at den ålmenne oppfatninga blant sauebønder i Noreg er at risikoen for å få skjedeframfall på nytt

er stor når ei søye fyrst har hatt lidinga ein gong, og at ein difor vel å utrangere dyra.

### Redusert føropptak

Blodprøvene synt at søyene med skjedeframfall hadde lågare nivå av kalsium og høgare verdiar av  $\beta$ -HBA i blodet, enn dei friske søyene i same alder.  $\beta$ -HBA er eit stoff (ein ketonlekkam) ein finn i blodet hjå sauer som har ete lite over ei viss tid. Dei høge nivåa ein ser hjå søyer med skjedeframfall kan nettopp skuldast redusert føropptak som resultat av smertene som lidinga gjev.

At søyer med skjedeframfall har låge nivå av kalsium i blodet, kan skuldast at smertene som kjem i samband med lidinga utløyser stress, som så vil kunne gje låge kalsiumverdiar. Fordi kalsium er svært viktig for at muskulaturen skal fungere normalt, vil manglande kalsium også kunne føre til eit skjedeframfall.

### Dyrevelferdsproblem og kostbart

Å kome med eksakte tilrådingar med



Endetarmsframfall som har kome som følgje av eit skjedeframfall. Det er sett inn tre flessa-suturar for å halde skjedeframfallet på plass.

tanke på skjedeframfall er vanskeleg. Lidinga er eit dyrevelferdsproblem som også gjev redusert produksjon. Samstundes er utrangering kostbart, og ein ynskjer difor ikkje å utrangere dyra dersom dette ikkje er naudsynt. Fleire studiar syner at ein ikkje utan vidare kan konkludere med at lidinga kjem att på same dyr i seinare drekter. Ut frå praktisk røynsle tilrår ein likevel at flokkar som har problem med skjedeframfall nyttar ein kombinasjon av utrangering og førebygging for å få kontroll på lidinga. Av førebyggjande åtgjerder er det særst viktig at ein i siste del av drekta gjev fôr med høg næringsverdi per vekteinng, slik at søya slepp å ete for store volum som i neste omgang vil gje press på børen. Det er også viktig med tilstrekkeleg eteplass, serleg for dei høgdrektige søyene, slik at dei slepp å kjempe om plassen ved fôrbrettet.

*Tekst og foto: Gyro Knutsdotter Homme Veterinær i kombinert praksis ved Seljord veterinærkontor*